TIDSSKRIFT

Frelsesarmeen har fått et scoop.

Små krigsrop

Krigsropet, Nr. 9–2010
Utgitt av Frelsesarmeen

Hver frilørdag i tre år ble jeg vekket klokka 09.00 med dunder og brak. Under soveromsvinduet mitt i Sandvika sto en trupp med hardt kompa frelsesarméstruper og solgte Krigsropet. Gitarspellet kunne hamle opp med et travelt gatehjørne, men bladet var blasse saker.

I dag har Krigsropet blitt ukeblad med kulturambisjoner. Layout-en er forsiktig moderne med mye «luft» mellom tekstområder og billedflater. Tekstene er enkle og litt ufarlige. Forsiktige krigsrop, undrer jeg, og husker at Frelsesarmeen kliner til med slagordet «suppe, såpe, frelse».

Scoopet i herværende nummer er intervjuet med Steinar Opstad, som sjelden lar seg friste til den slags. Journalist Kjell-Richard Landaasen tegner et interessant bilde av den samfunnskritiske poeten: « … jeg vil være dikter, være i forskjellen, ikke gå over i det konfesjonelle.» Opstad hadde ikke vært poet om han unnlot å kontrastere dette forbeholdet, for han vil heller «ikke … slå troen i hjel eller lukke den ute.» Eksistensiell kamp, med andre ord, der rommet mellom ordene blir stedet for utforskning av sannhet og mening. Fra dette ståstedet kritiserer poeten også den kulturradikale angsten for begrepet «Gud» og stemplingen av kristne på venstresida. Landaasen lar diktutdrag veksle med opplyste refleksjoner omkring Steinar Opstads svar, og det blir det en god tekst av.

I redaktør Hilde Dagfinrud Valens leder blandes artikkel og preken til en kritisk kommentar om astrologi og framtidsspådommer. Budskapet er sympatisk: vær tillitsfull, grip dagen.

Det saksorienterte intervjuet ser ut til å være lesten i Krigsropet. Jeg noterer en samtale med kommandørene Peder og Janet Refstie om arbeidet i São Paolos slum. Medisinerstudenten Øystein Maugesten fyller kofferten med 500 briller og bruker ferien i India for å gi fattige mennesker et skarpere syn. De kan brått få øye på frelsessoldater fra en annen verden.

Freddy Fjellheim
bokmagasinet@klassekampen.no

POETISK PRAKSIS

SORTSOLSAFARI

Et mineral vokser inni kroppen. Kiler seg fast
under høyre ribbeinsbue. Plansjen på legekontoret
minner om skoletida. Torsoen som naturfag-
læreren satte på kateteret. Innvollene var
festa på kroker, og et nye dingla frem
og tilbake før det la seg til ro.

Gallesteiner kan være vakre. Jeg har sett foto
av ei samling steiner som var slipt
og polert. De som var kløyvd
hadde strålemønster i midten, og kjernen
hadde en mørk glød.

Hadde Kopernikus gallestein?
Kjente han den stikkende smerten
ved å være et sentrum?
Skylte han steinen og holdt den opp
mot lyset, og så han
fjellene langs måneranda da formørkinga kom?

Legen svarer at han aner ikke.
Han drar en meter papir ut av den store papirrullen og ber
meg
om å legge meg på benken. Men Galilei, sier jeg, Galilei
var den første som så fjell og daler på månen?
Og jeg, sier legen og plasserer to fingre over gallegangen,
jeg
dytter stein hele dagen. Jeg narrer folk fra døden.
Trekk genseren høyere opp er du snill, det klirrer
av soler under ribbeinet ditt!

Irene Larsen

Klassekampens diktspalte redigeres av poetene Terje Dragseth og Aasne Linnestå.
Vi trykker nye dikt av etablerte såvel som uetablerte forfattere.
Bidrag mottas på adressen bokmagasinet@klassekampen.no.

Meister: Hannes Pétursson insisterer på sambandet mellom mennesket og naturen.

Mannen og vevkjerringa

POESI

Hannes Pétursson
Europa ender her
Omsett av Kristian Breidfjord
Bokvennen 2009, 128 sider

Kva skal eg seia? Å lesa verkeleg gode dikt er som å vera forelska. Det dirrar i kroppen, og heile andletet strålar av energi som om ein nett har drukke noko med mykje sukker i. Og slik er det eg har det nå. Som ei stor og rund humle som har drukke masse søt honning og ligg i sola og smiler.

Hannes Pétursson (f. 1931) har same posisjon på Island som Olav H. Hauge og Rolf Jacobsen i Noreg. Minst. Ein folkekjær, men kresen forfattar, som har sendt ifrå seg ei eller to diktsamlingar per tiår gjennom ein mannsalder, og som gjennom heile forfattarskapen har insistert på sambandet mellom mennesket og naturen, det livet ein finn bakanfor dei menneskeskapte tinga og tempoet. Eller, insistert på: Det handlar sjølvsagt om at han gjer synleg korleis han finn si *personlege* oppleving av desse sambanda, og set ord på dei.

> I dikt etter dikt opplever ein denne merkelege pusten.

Nå ligg då endeleg dikta hans føre på norsk, i eit utval på 128 sider. Hovudverket «Hjemstavn ved havet» (1980) er på forvitneleg vis gjeve att i heilskap, med alle dei 60 dikta. Og så er det 31 dikt frå dei andre bøkene.

Og *for* nokre dikt det er, dette her:

I dette øyeblikket
flyr en ravn forbi
lydløst: en mørkt blå
basstone i fugleform.

Stirrer uavbrutt på meg
over en skummende bølge
ser min tanke som kløyvet
i frykt og tvilende håp.

Det er svimlende langt
til dens svarte fjær.

Omsetjaren har lykkast svært godt med overføringa av dei klassiske stavrima til moderne norsk. Til dømes i det første avsnittet, der det er lydleg samband mellom *flyr* og *forbi*, og mellom *blå* og *basstone*, før det avsluttande *fugleform* knyter tilbake til f-ane i byrjinga att. Dette er meisterskap i diktinga og meisterskap i omsetjinga.

Og ein merkar seg dette undrande møtet mellom mennesket og verda, der han opnar seg opp for å oppleva verda som meiningsfull, og verda på forunderleg måte ser tilbake på han. For slik er det i denne forfattarskapen, at mennesket er ikkje bare eit einsamt moderne subjekt som er kasta ut i eit limbo av framandgjering og angst. Avstanden er ikkje ein avgrunn ut i eit inkje, men snarare ein avgrunn over til noko som kastar meining tilbake på menneskelivet. Det er som om mennesket gjennom denne distansen til verda har fått moglegheit til å *sjå* det meiningsfulle. Og i dikt etter dikt opplever ein denne merkelege pusten, denne stoppen framføre noko der ute som gjev liv og meining til den som ser.

Min gode kollega Sveinn Yngvi Egilsson har gjort meg merksam på at dei store islandske 1900-talspoetane har lært å skapa litterære bilete av dei såkalla *imagistane*. Her eit svært sentralt døme, av Ezra Pound, i mi omsetjing:

På ein metrostasjon

Tilsynekomsten av desse
andleta i folkehopen;
Kronblad på ei våt, svart
grein.

Det imagistiske biletet oppstår gjennom kontrasten mellom dei to bileta som er sette oppå kvarandre, andleta til folk som ventar på metroen og blomeblad på ei våt grein. Her går ikkje diktet den litterære vegen om tanken, men står i staden fram som det biletet som oppstår i den augneblinken ein ser dei slik.

I diktet ovanfor, av Hannes, ser ein at det startar med biletet av ein ramn og ein basstone. Uforklart. Før diktet går vidare frå grunnbiletet, og byggjer opp den for forfattaren så karakteristiske pusten eller speglinga.

Hannes er sjølv inne på denne måten å tenka bilete på, som noko som kjem til han og endrar blikket hans, snarare enn noko han pressar ut av ei motvillig verd, i eit meir enn tydeleg programdikt der det heiter at «Mine dikt venter på bilder/ som rokker ved betydningene/ uten å slite tingene i stykker».

Bare for heilt til slutt å ha sagt noko om kor rik denne forfattarskapen er: Her følgjer, i aldeles uautorisert omsetjing, eit av dei mange gode dikta ein *ikkje* fann plass til i dette utvalet.

Eit kjellarhôl
kalka, av stein.

Sollys fell inn
gjennom eit sørvindauge,
juniaktig.

Drivkvite vegger.
Og ei vevkjerring som heng
loddrett
i lyset utanfrå.

I deira skjeringspunkt
skjelv eg ein augneblink.

Hadle Oftedal Andersen
bokmagasinet@klassekampen.no